

Ein manndomsprøve i ung alder

— ei natt med dramatikk i Tverradalen.

Av Erik Leirdal.



Eldste Erik-Larsgardselet.

Ein slik påstand kan vel vera ei lett overdriving, men sikkert er det at eg på det aktuelle tidspunktet opplevde det slik. Og det eg vil fortelja hende på fjellstølen vår i Tverradalen sommaren 1943. På nabogarden (Innigarden/Pergarden) fekk me nye naboar hausten 1942, Torborg og Edvard, Johanna og Kristen. På føresommaren i 1943 hadde dei berre ei ku og ei kviige, og såleis kunne det ikkje forsvarast å binda eit vakke arbeidsdugleg menneske til fjellstølen denne sommaren. Men mor kunne heller ikkje vera på stølen åleine, difor blei det avgjort at eg skulle vera "assistent", og hjelpa henne på hmse vis. Eg var då 13 år gamal.

Ein søndagkveld, truleg i slutten av juli, eit par timar etter at far hadde teke på heimvegen med mellom anna ost og smør i fløvi, sette det inn med striregn og vind, og buskapen søkte ned til sela. Mor, som hadde ei serleg kjensle for dyra sine tarv, var ikkje sein med å gjennomføra planen sin: Alle dyra skulle under tak i fjøsane under selhusa. Men etter kvart hadde det vorte seine kvelden, og den einaste lyskjelda me hadde var ein 6-linjers lampe. For å kunna orientera oss, og få binda alle kyrne, måtte lampen sløkkjast inne i selet, glasjet avkjølast, pakkaft inn i papir og eit klede, og gøymast under "utapå-trøya" kvar gong me famla oss fram mellom sela. Såleis oppdaga me at den eine kua var sjuk, og avgjorde på ståande foten å flytta henne over i det ledige "Innigards-fjøset". Kvar 30 til 45 minutt, måtte me utføra profedyra med lampeglasjet, og fjå om kua. I tre- halvfiretida på morgontvisten blei me visse på at det førestod ein kalvkasting. Det var og etterkvart såpass lyst at me til naud kunne greia oss utan lampe.

Men her byrja det verkelege marerittet. Etter ei dryg tid, kom eit par bein tilsyne, som snart overtydde oss om at kalben kom med "bak føre". Men om eg drog beina noko ut, seig dei like fort innatt. Slit heldt eg på ei stund, kanskje ein halv time, og $\frac{3}{4}$ av beina var nå synlege. Men mor som alltid følte sterkt med dyra, hadde nå fått verkeleg "vondt for bringa", og sat heile tida på fjøstrakken og lei saman med kua. Eg forstod at nå måtte noko drastisk snart setjast i verk. Eg henta "børatoget" mitt, flytte kua så at ho stod passe langt frå stolpen midt i fjøset, fastgjorde togendane om kalvebeina, og med støtte mot stolpen tok eg toget om "enden" og byrja forsiktig, men bestemt å trekke. Men med halvparten av låra synlege, stoppa det opp.

Me drøfta tilstanden, og var engstelege for livet til kua. Eg var overtydd om at det måtte vera som ein ballong på innsida som blei pressa saman når eg drog i toget, og slik sett kunne det heile forklarast. Eg bestemte meg nå for å bruka større makt, tok spennetaf mot stolpen, og medan kua "belja" sterkt, fekk eg gradvis meire å sjå av kalben. Ein blåsvart pose på eine låret kom tilsyne, blei fylt med vesse, fyrst fakte, så etter kvart fortare, og snart låg kalben på jordgolvet. Den omtala posen var ornlag 35 cm. i diameter, og 3 – 4 cm. "høg". Kalben var daud, og kua sannsynleg på veg til å bli forgifta.

Me var litt i uvisse om det kunne vera tale om smittsam kalvkastrning, men heldt det for mest sannsynleg at kua hadde vore ute for ei ulukke. Men me torde ikkje sleppa henne ut saman med dei andre, og slik starta ei arbeidsam og tidkrevjande forsanfing. Me hadde ein fjemd sigd som eg slipte på ei svahelle ved selet, og ein brynestubb på 3 – 4 cm. Kua var umetteleg, og affjonsradien for å finna gras og raunekvistar blei lenger og lenger. Om det blei i minste laget med for, passa eg vel på at ho fekk alt vatnet ho ville ha.

Ut mor og eg freista å få oss eit par timar kvile etter nattevaket, er sjølvsgagt. Men dagens dont måtte i alle høve gjerast, så då me "kvelda", var me dugeleg trøytt og "oppgjevne".

Far kom på torsdag, men han ville ringja dyrlegen fyrst, og såleis måtte eg fora kua heilt til laurdag kveld. Då hadde "assistenten", så best han kunne, sytt for kua i 5 og eit halvt døger, rekna frå då fødselshjelpa var avslutta. Eg var både glad og temmeleg stolt, mest fordi hendinga hadde fått eit heldig utfall, men også fordi mor gav meg svært god attest. Det er innlyfjande at mor og far var svært glade for at kua, å sjå til, var redda utan mein. Her må ein ha i minne at under krigen var det leveringspliktige kvotar på både smør og kjøt, så tap av ei vakfi ku ville nærmaast vore ein katastrofe.

Stølsdrifta i Tverradalen tok slutt omlag midt på femtitalet. Men det knyter seg mange minne, og spennande historiar til tida då støling var ein naudsynt bonus for gardsdrifta. Tverradalen låg i gangtid omlag tre timar frå heimegardane, og med fleire elvar som hinder, så deltaking i hymse oppgåver heime kom ikkje på tale. Dei som fekk vera budeie på ein slik støl, fekk, på tross av arbeidsfame dagar, tid til naudsynt kvile og ro, og slik rusta seg for ein ny vinter på heimegarden.

* * *

Julehelsing frå Bjønnaposten 2011.

Artikkelen er gjeve att her med løvve frå forfattaren.